Vestfold og Telemark
FYLKESKOMMUNE

Midt-Telemark kommune

Seksjon for samfunn og plan
Vår dato: 06.01.2020
Deres dato:
Vår referanse: 20/02290-1
Deres referanse:
Vår saksbehandler: Maria Westrum Solem
Unntatt offentlighet iht.:

Høringsuttalelse til varsel om oppstart av arealdelen av kommuneplan for Midt-Telemark kommune 2021-33 og høyring av planprogram

Vi viser til brev av 07.11.2019, om varsel av oppstart av arbeid med arealdelen av kommuneplan for Midt-Telemark kommune 2021-33 og høyring av planprogram.

Frist for innspel til planarbeidet er sett til 01.01.2020, men vi har fått utsatt frist til 10.01.2019. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Midt-Telemark kommune startar no arbeidet med å lage arealdel av kommuneplanen for den nye kommunen. Kommuneplanen er det overordna styringsdokumentet for kommunen og har ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen for Midt-Telemark kommune med langsiktige mål og strategiar er nyleg vedtatt av kommunestyra. Denne gir føringar for ny arealdel.

Bø og Sauherad kommunar har no kvar sine arealdelar, og i tillegg er det er ein eigen kommunedelplan for delar av Lifjell i Bø. Med ein ny arealdel for Midt-Telemark kommune, vil ein få ein plan som følgjer opp ny samfunnsdel og eit samordna regelsett for heile den nye kommunen.

Gjeldande arealdelar for Sauherad og Bø og kommunedelplan for delar av Lifjell vil inngå i ny arealdel. Som del av planarbeidet vil behov for oppheving av eldre reguleringsplanar bli vurdert, og oppheving bli gjennomført dersom behov, jf. plan- og bygningslova §12-14.

Fylkeskommunen er regional planmynde og har ansvaret for å samordne den fysiske, miljømessige, helsemessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga i regionen. Vi samordnar interesser som handlar om nasjonal og regional arealpolitikk, statlege planretningsliner, regionale planar samt tek hand om nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Vi uttaler oss som planmynde når desse interessene vert rørt ved.

Areal og transport

Planprogrammet syner ein god samanheng mellom dei overordna strategiane som er stadfesta i samfunnsplanen og dei utredningstema som er nemnt i planprogrammet. Arealstrategien er i tråd med

Postadresse: Postboks 2844 3702 Skien
Besøksadresse: Fylkesbakken 10, Skien; Svend Foynsgate 9, Tønsberg
Sentralbord: 35 91 70 00 post@vtfk.no
Org. no.: 821 227 062
vtfk.no

føringar frå regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2015–2025 med moglegheiter for samarbeid knytt til handlingsprogrammet for 2019–2022. Fortetting er og eit satsingsområde i regional klimaplan for Telemark 2019-2026. Gjennom handlingsprogrammet i denne planen, oppfordrar fylkeskommunen til forsterking av fortettinga innanfor sentrums- og tettstedsgrensene. Tiltak i den regionale klimaplanen inkluderer også å særskilt ta vare på og unngå omdisponering av myrområder, samtidig som eksisterande jordbruksareala i drift blir oppretthaldt. God og effektiv arealbruk og utbygging er beste form for jordvern. Samstundes er det viktig å få til fortetting med kvalitet, slik at klimavennlege tettstader kan virke bra og for t.d. born og unge. Arealstrategiar handlar om overordna grep for grøn arealutvikling med tydeleg senterstruktur, miljøvenleg transport og omsyn til klima både i arealutvikling og i arealtilpassing.

Av tema som skal utgreiast ser vi at senterstruktur, handel og fortetting er eit svært aktuelt tema. Kommunane Bø og Sauherad har kvar for seg svært ulik senterstruktur, og det er viktig å få ein felles strategi framover. Dette vil gje føringar for framtidig utbyggingsmønster for den nye kommunen. Viktig som grunnlag for dette arbeidet er det at kommunen ser på befolkningssamansetting og befolkningsutvikling, og ut frå det bereknar behov for ulike typar bustader og kva for arealbehov dette vil gje. Strategiar som kan gje redusert transportbehov og attraktive tettstader vil vere viktige føringar for framtidig arealdel.

Medverking

Planprogrammet syner og eit godt grep for vidare medverkingsprosessar. Dette er viktig for å skaffe forankring hos både lokalbefolkning, næringsliv, barn og unge og sørge for at dette blir kommunen sin plan.

Omsyn til barn og unge

I utarbeidelse av arealdelen må kommunen være bevisst på lokaliseringa av bustadområde, skoler, kultur- og fritidsområde for å stimulere til trygg ferdsel og moglegheit for fysisk aktivitet. Det er viktig at kommunen gjennom føresegn i kommuneplanens arealdel legg til rette for:

- samanhengande grønnstruktur, innslag av natur og grøntområder i bustadområde og korte avstandar til gode plasser for lek og fysisk aktivitet for hele befolkninga.

- barn beveger seg med kortare avstand frå heime jo yngre de er, og det viktig at de minste kan finne egnde områder,

- samtidig som større barn og unge også må ha steder å møtes og å være fysisk aktive og kunne gå eller sykle til sine aktivitetar.

Kartlegging av barn og ungdoms bruk av areala er et godt reiskap for å få kunnskap om og å kunne ta omsyn til deres bevegelsesmønster og bruksområder når kommuneplanens arealplan skal utarbeide. Barnetråkk er en måte å kartlegge barns bruk av sine omgivelser.

Vi viser til ny veileder fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet « Barn og unge i plan og byggesak». Dokumentet kan sjåas på regjeringens hjemmesider:

https://www.regjeringen.no/contentassets/7690ae07c3174f10be67de617a8e60a5/no/pdfs/veileder-om-barn-og-unges-interesser-i-planlegging.pdf

Klima, miljø, vassforvaltning

I planprogrammet står det at samfunnsdelen bygger opp under FNs 17 bærekraftsmål. Fylkeskommunen anbefaler å beskrive i planprogrammet kordan FNs bærekraftsmål skal brukas/implementerast i kommuneplanens arealdel.

Det er ein nasjonal forventning at kommunane vektlegg arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar. Det er viktig at klimavennlege løysningar for arealbruk, energibruk og miljøvennleg energiomlegging ligg til grunn i val av arealstrategiane.

Beslutninger om lokalisering, byggemåte og utforming av bebyggelse, infrastruktur og tenester, kan påverke utslepp og energiforbruk i lang tid framover. Det er positivt at kommuneplanens arealdel skal byggas på oppdatert kunnskap om forventande klimaendringar og konsekvensar i form av en ny ROS-analyse. Det er også viktig at oppdatert kunnskap om økosystemas betydning for klimatilpassing tas i bruk, for eksempel i planlegginga av flom- og tørkedempende tiltak. Natur som våtmarker, myrer, elvebredder og skog kan dempe effektane av klimaendringar, og er viktig å ivareta i arealplanlegginga. Lokal fordrøyning og handtering av overvann i tråd med tretrinnsprinsippet anbefalas inkludert i arealplanen.

Vi vil og oppmode kommunen til å sjå på moglegheitene til å sette krav til miljøvenlege energikildar/løysingar ved reguleringsplanlegging. Vi syner til Porsgrunn kommune som har føljande føresegn i sin arealplan:

> «2.1 Hovedformål: Bebyggelse og anlegg (PBL §11-7 nr. 1 jf. § 11-10)
>
> 2.1.1 Generelt
> 2.1.1.1 Energibruk i bygg
> Ved reguleringsplanlegging og søknad om tiltak skal miljøvennlige alternative energikilder/ løsninger utredes og dokumenteres.
> Ved nyetableringer og utvidelser av kontor-, handel- og næringsbygg med total grunnflate større enn 500 m2 skal det redegjøres for de vurderinger som er gjort for bruk av alternative, fornybare energikilder, og hvordan lavt energibruk og lavt klimagassutslipp kan oppnås. Det skal samtidig redegjøres for beregnet klimafotavtrykk».

Kulturarv

Omsyn til nyare tids kulturminne

Kommunen har i samfunnsdelen til kommuneplanen peika på at kulturlandskap og kulturmiljø skal sikrast. Vi råder til at kommunen fører vidare område som i gjeldande kommuneplanar og

kommunedelplanar er regulert til omsynssone C kulturmiljø eller verdifulle kulturlandskapsområde. I tillegg bør kommunen gjere ein gjennomgang av nye moglege område som kan innlemast i kommuneplanens arealdel. Det er og viktig å sikre viktige kulturlandskap i utmark, til dømes eldre stølsområde.

Omsynssoner må få tilhøyrande retningsliner og føresegn slik at den framtidige forvaltninga og utviklinga av områda blir føreseieleg for bebuarar, utviklingsaktørar kommunen og andre offentlege organ.

Kommunen ynskjer at 70% av ny bustadbygging skjer i tilknyting til tettstadene Bø og Gvarv. For Gvarv sin del vil vi peike på at området kring Gamlegata bør haldast unna den store bustadutviklinga da dette er eit unikt kulturmiljø i kommunen. Her bør ein søke å oppretthalde kulturmiljøet slik det er å ta vare på dei verdiane som er der.

Om dykk har nokre spørsmål eller ynskjer å diskutere noko knytt til nyare tids kulturminne så er det berre å ta kontakt med seksjon for kulturarv.

Sakshandsamar: Gunnhild Randen gunnhild.randen@vtfk.no

Omsyn til automatisk freda kulturminne

Det er forventa at det finst ikkje kjende automatisk freda kulturminne innanfor områda som vert dekt av kommuneplanen, sidan store område ikkje er systematisk registrert. Fylkeskommunen vil såleis ikkje ha grunnlag for å greie ut kva følgjer den foreslegne arealdisponeringa får for eventuelle automatisk freda kulturminne. Vi må difor presisere at vi ved vår fråsegn ikkje kan seie oss samd i arealbruken i kommuneplanen, jf. Kulturminnelova § 8, 4. ledd. Dette fører med seg at arealdelen til kommuneplanen ikkje har direkte rettsverknad i høve til automatisk freda kulturminne, noko som kan få særskilte konsekvensar for område som blir lagt ut som byggjeområde. Arealbruk vil først bli avklåra når dei einskilde regulerings- og utbyggingsplanar blir sendt til fylkeskommunen som sektormynde for kulturminnevern. Av dette følgjer og at kulturminnevernet må vere høyringsinstans når det gjeld tiltak i LNF-områda.

Ynskjer kommunen ei klårgjering av moglege konfliktar på kommuneplanstadiet, er dette fullt mogleg innanfor dei områda ein ynskjer å leggje ut til byggjeområde. Det kan løne seg dersom kommunen veit at kommuneplanen vil utløyse arbeid med fleire reguleringsplanar. Det vil gjere arbeidet med synfaring meir rasjonelt dersom fleire reguleringsplanar blir tatt under eitt. Kommunen vil då på vanleg måte dekkje kostnaden med dei arkeologiske undersøkingane som er naudsynte for å kunne vurdere om utbygginga kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

Følgjene tekstdel bør bli innarbeidd i føresegnene til arealdelen:

Alle forslag til planar innanfor området skal sendast til fylkeskommunen til fråsegn, jf. Kulturminnelova § 9.

Kjende kulturminne

Kjende, automatisk freda kulturminne kan framstillast som omsynssoner i arealdelen. Dette kan vere eit verkemiddel for å vise fram dei viktigaste omsyna og ikkje nødvendigvis for å markera alle registrerte kulturminne. Kartfesting av viktige omsyn og verdiar gjennom omsynssoner skal bidra til større føreseielegheit. Kva for viktige interesser og eigenskapar som er knytt til bestemde areal vert vist på denne måten, og kan dermed gi nyttig informasjon til dømes ved vurdering av nye utbyggingsområde.

For automatisk freda kulturminne skal sosikode H730 nyttast.

Temakart kulturminne:

Bø kommune har i gjeldande kommuneplan temakart for viktige kulturminne. For at temakart for kulturminne skal vere eit nyttig verktøy må det være fullstendig og oppdatert. Et ufullstendig kart kan virke mot sin hensikt; som er å opplyse om kulturminna og at disse tas omsyn til. Vi foreslår derfor at kommunen heller ser på høve for å utarbeide ein heildigital løysning for temaet kulturminne for heile kommunen, for eksempel at ein lager ein fane for kulturminne i kommunens kartportal og at denne fanen får underkategoriar som man kan huke av og på. Forslag til underkategoriar kan vere:

- Freda bygg og anlegg
- Automatisk freda kulturminne
- Områdefredingar
- Kulturlandskap
- Lokalt registrerte kulturminne
- Bevaringsområder regulert etter pbl

Innspel frå Riksantikvaren

Planen er sendt over til Riksantikvaren, og deira fråsegn vil bli ettersendt.

Vestfold og Telemark
FYLKESKOMMUNE

Med vennlig hilsen

Maria Westrum Solem

maria.westrum.solem@vtfk.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Mottaker	Adresse	Post
Midt-Telemark kommune		

Kopimottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
FYLKESMANNEN I VESTFOLD OG TELEMARK (Datterselskap)		Postboks 2076	3103 TØNSBERG
statens vegvesen region sør			